

**REGULERINGSPLAN for
Fjellvatne hyttegrend**
Del av gr.nr. 29/2, GAULAR KOMMUNE

Bd 038 RN07

REGULERINGSFØRESEGNER

Pgr. 1

1.1.

Det regulerte området er vist på reguleringsplanen med plangrense.

Pgr. 2

2.1.

Området er regulert til:

- | | | |
|--------------|---|---|
| BYGGEOMRÅDE | - | hytteformål |
| FELLESOMRÅDE | - | felles køyreveg / parkering |
| | - | felles gangtilkomst |
| | - | fellesområde (leikepl. o.a. fellesbruk) |

Pgr. 3

BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER

3.1. Tomteutnytting m.m.

3.1.1.

Kvar hytte kan oppførast med eit bruksareal (BRA) på maks. 75 kvm, inkl. bod.
Bod-arealet kan alternativt løysast ved frittstående bod på maks. 10 kvm.

3.1.2.

På reg.planen er vist forslag til hytteplasseringar, der eit kryss markerar midten av bygningen.
Men den endelege plasseringa, og storleik og møneretning for hyttene, vert å fastlegge i samband med byggemelding for kvart einskild prosjekt

3.1.3.

Innanfor reguleringsområdet skal ein ta vare på landskap/naturleg vegetasjon så langt det let seg gjere.

3.1.4.

Det er ikkje høve til å setje opp gjerde rundt einskildtomter.

3.2. Bygningsform

3.2.1.

Hyttene skal ha saltak – el. liknande form for skråtak – med takvinkel min. 23 og maks. 37 gr. Møneretning skal vere parallell med lengeretninga på bygningen si hovudform.

3.2.2.

Hyttene kan oppførast med ein (1) normaletasje, med maks. breidde på 7,0 m brutto, og maks. mønehøgde (u.kant sperre) på 5,4 m frå o.k. innv. golv.

3.3. Material- og fargebruk

3.3.1.

Det kan ikkje nyttast utvendig kledning eller taktekking som i material- eller fargebruk verkar dominerande (t.d. gjev signaleffekt) eller skjemma for omgjevnaden.

2.3.2.

Utvendig kledning skal ha jordfarge. Med det meinast avdempa fargar i raudt, oker, brunt el. grått, -med mettningsgrad mest mogeleg eins for heile feltet. Fargesetting skal oppgjevast ved byggemelding.

2.3.3.

Tak kan tekkast med torv, trebord, skifer, shingel el.a. typar tak som struktur- og farge-messig glir godt inn i naturen.

Pgr. 4

FELLESOMRÅDE

4.1. Tilkomst / parkering

4.1.1.

Bilparkering skal skje på parkeringsplassar utanfor planområdet, jfr. reg.plan (teikn.nr.01) og oversiktskart (teikn.nr. 02)

Pgr. 5

ÅLMENT

5.1.1.

Kommunen kan gjere mindre unntak frå denne utbyggingsplanen og føresegnene, innafør rāmene som til einkvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

Førde den 20.02.02

KjM